



FUSA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret

Møtestad: Tønnegarden

Møtedato: 07.05.2015

Tid: Kl. 14:00

Synfaring:

OBS frammøte på Nore- Fusa oppvekstsenter kl 14.00:

Det vert synfaring på ny barnehage ved Nore Fusa oppvekstsenter og synfaringa startar kl 14.00

Kl 15.00: Kommunestyret møter på Tønnegarden

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandsosen.

Eikelandsosen, 29.04.15

Hans S. Vindenes
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Tittel
008/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
009/15	KOMMUNEREFORMA - ARBEID I SONDERINGSFASEN - INNSPEL FRÅ KOMMUNESTYRET
010/15	ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLUTVALET 2014
011/15	FRAMLEGG TIL BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN-
012/15	UTGREIING OM FORBINDELSAR MELLOM AUSTLANDET OG VESTLANDET - HØYRINGSUTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE
013/15	PLANAR FOR KUNSTGRASBANE VED NØRE FUSA OPPVEKSTSENTER
014/15	SØKNAD OM SKJENKELØYVE - 09.05.15 - 30.06.16 - HANDELSLAGET ANS

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
008/15	Kommunestyret	07.05.2015	GST

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 05.03.2015 vert godkjent.

Saksframstilling:

Saksdokument:

Vedlegg : Møteprotokoll frå møtet 05.03.2015 er lagra ut digitalt

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		HSV

Sakshandsamar: Berit Fløisand

Arkivsaknr 14/813

KOMMUNEREFORMA - ARBEID I SONDERINGSFASEN - INNSPEL FRÅ KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

VISER TIL VEDLAGDE NOTAT.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:
Vedlegg:

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.04.2015	Notat - k-møte 07-05-15 (2)	94175

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger/Vurdering:

Viser til vedlagde notat.

Notat – Kommunereforma – K-møte 07.05.15.

Til:

Hans S. Vindenes

Frå:

Berit Fløisand

Vår ref.
14/813 - 14

Løpenummer
15/3935

Arkivkode
FE-026, TI-&23

Dato
26.04.2015

KOMMUNEREFORMA - ARBEID I SONDERINGSFASEN. KOMMUNESTYREMØTE 07.05.2015

Kommunestyret gjorde i møte 05.03.15 følgjande vedtak når det gjeld oppgåver/aktivitetar i sonderingsfasen:

Aktivitetar:

- Omtale av no-situasjonen for Fusa kommune. Dei aktuelle alternativa skal vera gjenstand for ein SWOT- analyse i høve ekspertutvalet sine kriteria for framtidig kommunestruktur,
- Sondera med kommunane Os, Samnanger, Kvam, Tysnes, Kvinnherad og Bergen.
- Felles sonderingar og eventuelt saksutgreiing med rådmennene i aktuelle kommunar.
- Dialog med innbyggjarane – gjennom t.d. folkemøte, sosiale media
- Leggja fram kortfatta omtale av alternativa, maks 2 sider pr. alternativ (Tyngre utgreiingar blir gjort i utgreiingsfasen der ein vil gå djupare inn i kompliserte spørsmål knytt til m.a. økonomi og juss.)

Litt om aktivitetane som har vore:

Ordførar og rådmann har hatt møte med alle dei aktuelle sonderingskommunane. Når det gjeld Kvam herad så var det, etter initiativ frå Kvam herad, eit fellesmøte for formannskapa i Samnanger, Fusa og Kvam 11.02.15. Det har og vore møte mellom Os, Tysnes og Fusa. Her møtte ordførarar og rådmenn frå kommunane. Tysnes hadde i tillegg med 1 repr. frå kommunestyret og Os kommune møtte i tillegg med varaordførar og ass.rådmann.

Varaordførar i Fusa hadde ikkje høve til å delta på dette møtet.

Ordførar og rådmann har gitt kort info om sonderingsmøta som har vore til styringsgruppa (=formannskapet + gruppeleiar for Venstre) i møte 22.04. Kommunestyret skal få tilsvarande info i kommunestyremøte 07.05.15.

Det skal gjennomførast 3 folkemøte i kommunen. To er gjennomførte – 16.04 i Søre Fusa og 21.04 i Nore Fusa. 29.04 skal det vera folkemøte i Eikelandsozen. Føremålet med folkemøta er todelt – gje informasjon og høyra innbyggjarane sitt syn. Alle folkemøta vert gjennomført etter same mal og tilbakemeldingane frå innbyggjarane vert nedfelt skriftleg. Samla oversyn over dette skal følgja saka til kommunestyret sitt møte 18.06 der kommunestyret m.a. skal gjera vedtak om kva ulike alternativ som skal utgreiast vidare.

På kommunen si heimeside er det oppretta snarveg til informasjonsside om kommunereforma: <https://www.fusa.kommune.no/lokaldemokrati/kommunereforma/>

Litt om «bakteppet»:

Nedanfor ei kort oppsummering av mål og kriteria som bør vektleggjast i arbeidet med ny kommunereform, meir utfyllande om dette finn ein i kommunestyresaka til møte 05.03.15.

Regjeringens mål for en ny kommunereform:

1) Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne

Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tjenester.

2) Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling

Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.

3) Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner

Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en mer variert befolknings- og nærings sammensetning. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.

4) Styrke lokaldemokratiet og gi større kommuner flere oppgaver.

Større og mer robuste kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.

Regjeringa har bedt kommunane om å vurdere situasjonen sin ut frå ti kriteria. Rådmannen har starta å sjå på korleis og med kva verktøy ein bør vurdere desse. I sonderingsfasen og saksutgreiinga fram til kommunestyremøtet vil det bli ein enkel analyse. I utgreiingsfasen meir grundig og djupare inn i dette. Her bør ein og vurdere å henta inn ekspertise/konsulentbistad – gjerne i fellesskap med kommunar som ønskjer det same alternativet utgreidd. Til dette arbeidet kan det søkjast midlar frå Fylkesmannen.

I tabellen nedanfor er det vist kva verktøy som kan nyttast i sonderingsfasen som grunnlag for kommunestyret sitt vedtak i junimøtet. Lista er ikkje uttømmende og bør også vera gjenstand for ein diskusjon. Det bør drøftast kva vekting dei ulike kriteria skal ha. T.d. om det er like viktig med ein god score på relevant kompetanse som økonomisk soliditet og høg politisk deltaking. Det er og viktig at ein har ein diskusjon om korleis ein forstår dei ulike kriteria, Kva betyr t.d. tilstrekkeleg distanse?

Kriteria	Merknader	Verktøy, nøkkeltal
Tilstrekkeleg kapasitet	Gjeld tenester	Kostratal, sakshandsamingstid, klager
Relevant kompetanse		Ufaglærte, kjøp av spisskompetanse
Tilstrekkeleg distanse	Både politisk og administrativ	Inhabilitet
Effektiv tenesteproduksjon		Kostratal
Økonomisk soliditet	I dag og etter reforma Nytt inntektssystem 2017..	Kostratal
Valfridom	Tenester, sakshandsamar	Konkret vurdering av situasjonen

Kriteria	Merknader	Verktøy, nøkkeltal
Funksjonelle samfunnsutviklingsområde	T.d. infrastruktur, bu- og arbeidsregion, næringsliv, arbeidsplassar	
Høg politisk deltaking		Statistikk stemmer avgitt ved val, evt. fordelt på alder. Medlemskap i politiske parti
Lokal politisk styring		Interkommunalt samarbeid, kjøp av tenester
Lokal identitet	Kva er lokal identitet	Faglitteratur om emnet, lojalitet til kommunen, bygd, region etc.

SWOT-analyse:

I vedtaket er det sagt at vi skal nytta SWOT-analyse som verktøy for å få fram eit bilete over situasjonen – dvs. dei ulike alternativa kommunestyret har vedteke skal sonderast:

Alternativ som skal vurderast i sonderingsfasen:

1. Fusa åleine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)
2. Fusa saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll.
3. Fusa saman med Kvam og Samnanger, evt. andre?
4. Fusa som del av Bergen kommune i lag med fleire andre kommunar, Her vert utgreiing gjort i regi av Bergensalliansen.

Under er gitt ein kort presentasjon av verktøyet. Det er og gitt døme på korleis den kan nyttast på den aktuelle problemstillinga.



SWOT-analyse er et effektivt verktøy for å få en rask oversikt over indre og ytre styrker og svakheter i virksomheten. De fire bokstavene «SWOT» representerer forbokstavene i de engelske ordene **S**trengths (styrker), **W**eaknesses (svakheter), **O**pportunities (muligheter) og **T**hreats (trusler). SWOT-analyse gir et godt utgangspunkt for å ta beslutninger, og kan være et nyttig verktøy for å identifisere områder for forbedring.

Man kan bruke SWOT-analyse

- for å kartlegge og analysere virksomhetens status som del av en plan- og strategiprosess.
- for å kartlegge og analysere styrkene og svakhetene ved prosesser og prosjekter.
- for å kartlegge og analysere styrkene og svakhetene ved et tiltak før beslutning om iverksetting.
- for å identifisere forbedringsområder i organisasjonen.

Målet for en SWOT-analyse er å identifisere de viktigste interne og eksterne faktorene som er avgjørende for å nå virksomhetens mål. De samme faktorene som i forhold til ett sett mål kan representere styrker eller muligheter, vil i en annen sammenheng kunne fremstå som svakheter eller trusler.

Man kan lete etter mulige interne *svakheter* og *sterke* sider bl.a. ved å fokusere på:

- Ressurser
- Verdiforankring
- Metoder
- Service
- Materiell
- Effektivitet
- Kvalitet
- Ansatte / personell/kompetanse
- Kapasitet

SWOT -analysen grupperer nøkkelinformasjon i to hovedkategorier:

- Interne faktorer
 - Potensielle interne **sterke** sider. Sterke sider eller styrker er positive egenskaper, noe virksomheten er god til og som kan gi trygghet internt i organisasjonen i forhold til måloppnåelse.
 - Potensielle interne **svakheter**. Svakheter er det virksomheten mangler eller utfører dårlig i forhold til måloppnåelsen.
- Eksterne faktorer
 - Potensielle eksterne muligheter som bør ivaretas i fremtiden.
 - Potensielle eksterne trusler eller hindringer som virksomheten kan støte på hvis man søker å realisere foreliggende muligheter.

Man kan lete etter *muligheter* eller *trusler* bl.a. ved å fokusere på:

- Politiske og lovmessige rammer og betingelser
- Økonomiske rammer
- Utviklingsmuligheter
- Forventninger fra samarbeidsparter
- Teknologiutvikling
- Brukernes behov/ etterspørsel
- Arbeidsmarkedet
- Befolkningens forventninger
- Andre organisasjoner eller avdelingens handlinger

Kommunestyremøtet 07.05.15

Kommunestyret blir innbydd til gruppearbeid i samband med kommunestyremøtet 07.05.15. To hovudoppgåver er aktuelle for dette arbeidet:

- 1) Drøfting vedr. kriterer , rangering, innhald m.m.
- 2) SWOT-analyse der ein vurderer dei 3 hovudalternativa:
 - a) Fusa åleine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)
 - b) Fusa saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll.
 - c) Fusa saman med Kvam og Samnanger, evt. andre?

Kvart alternativ vert vurdert slik:

Alt. a) Fusa åleine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Mogelegheter	Truslar

Alt b) Fusa kommune er slått saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Mogelegheter	Truslar

Alt c) Fusa kommune er slått saman med Kvam og Samnanger, evt. andre.

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Mogelegheter	Truslar

Meir info/bakgrunnsstoff:

På www.nykommune.no er det mogleg å samanlikna seg med andre kommunar på ein del variablar. Kostra-statistikken har mykje meir informasjon.

Kommunenesektorens organsiasjon (KS) har på si heimeside samla ein del relevant informasjon om kommunereforma

<http://www.ks.no/tema/Samfunn-ogdemokrati1/Folkevalgtportalen/Kommunestruktur/>

KS har laga ein samla rapport for arbeid med kommunereforma. I tillegg er det og laga egne rapportar på nokre område.

Kommunereforma: Fagkunnskap, arenaer og verktøy fra KS

http://www.ks.no/PageFiles/67060/Samlenotat_kommunereform_19feb%202015.pdf



KS har m.a. sett på kommunereforma ut frå at kommunane også har eit arbeidsgjevaransvar. Sjø m.a. på publikasjonen

«Arbeidsgiverpolitikk ved kommunesammenslåinger – Skodd for framtida»

<http://www.ks.no/PageFiles/67558/Arbeidsgiverpolitikk%20ved%20kommunesammensl%C3%A5inger.pdf?epslanguage=no>



KS har og utarbeidd ein rapport om kommunestorleik og lokaldemokrati. I dette notatet er det nedanfor teke inn første kapitelet der det er gitt eit samandrag av funna.

«Kommunestørrelse og lokaldemokrati – rapport mai 2014»

<http://www.ks.no/PageFiles/63047/Kommunest%C3%B8rrelse%20og%20lokaldemokrati%20ny.pdf?epslanguage=no>

«Sammendrag

Formålet med dette notatet er å presentere resultater fra forskning om lokalt demokrati med vekt på kommunestørrelsens betydning for det lokale demokratiet.

I første del av notatet ser på hovedtemaer i debatten og hvordan det står til med lokaldemokrati og selvstyre:

- Argumentet om at kommunene må bli mer «robuste» har fått stor oppslutning. Spørsmålet om nærhet og tilhørighet er et viktig argument for de som går imot kommunesammenslåinger. Argumentet om mulige økonomiske innsparinger knyttet til en kommunereform er mindre fremtredende.
- I befolkningen er det generelt bred støtte til lokaldemokratiet. Kommunene har på sin side vesentlig betydning for tilliten i det norske samfunnet.
- Rammestyring er fortsatt et uoppnådd prinsipp for den statlige styringen av kommunene.

I andre del av notatet ser vi nærmere på forskning om kommunestørrelsens betydning for ulike sider av lokaldemokrati og selvstyre som deltakelse, lokal styring og statlig styring. Hovedinntrykket er at forskerne finner forskjeller mellom kommunene, men når de undersøker årsakene til disse forskjellene, finner de som oftest at trekk ved befolkningen betyr mer enn kommunene, og at det er svært få sammenhenger mellom kommunestørrelse og lokaldemokrati og selvstyre når det tas høyde for andre mulige forklaringer: Det er andre forhold enn kommunestørrelse som forklarer deltakelse, vurderinger av det representative demokratiet og statlig styring av kommunene:

- Den gjennomsnittlige valgdeltakelsen i kommuner med under 2 500 innbyggere har fra valget i 1983 ligget et hakk over den gjennomsnittlige valgdeltakelsen i de andre kommunene. Men trekk ved velgerne har betydelig større effekt på valgdeltakelsen enn det kommunene har. Rundt fire prosent av variasjonen i den individuelle valgdeltakelsen kan tilskrives

kommunene. Kommunestørrelse påvirker ikke valgdeltakelsen. Det å bo i en liten kommune (under 5000 innbyggere) øker ikke sannsynligheten for å delta.

- Det er større politisk deltakelse utenom valg i små kommuner. Henvendelser til folkevalgt representant og til kommune- og fylkesadministrasjonen skjer oftere jo mindre kommunen er. Tilsvarende om en har tatt opp saker i parti, organisasjon og fagforening. Underskriftskampanjer og aksjonslister er mest utbredt i de middels store kommunene. Den mest aktivistiske deltakelsesformen – aksjon, protestmøte og demonstrasjon – er høyere i store kommuner.
- Forsøk på å påvirke politiske avgjørelser er mer utbredt lokalt enn nasjonalt. Den lokale deltakelsen øker med minskende kommunestørrelse, mens rikspolitisk deltakelse synker litt med minskende kommunestørrelse. Kommunestørrelsen har betydning: Med økende kommunestørrelse synker sannsynligheten for å påvirke avgjørelser i kommunen betydelig. Størrelsen har liten eller ingen effekt for rikspolitiske påvirkningsforsøk – med økende størrelse øker sannsynligheten for å påvirke avgjørelser i Stortinget noe.
- Det er små forskjeller kommunene i mellom om forhold som lokal identitet, sosial kapital, sosial tillit, politisk interesse og selvopplevd politisk dyktighet, og kommunestørrelse forklarer liten eller ingenting av forskjellene. Men den politiske interessen er ulik i små og store kommuner: Men avtakende innbyggertall øker interessen for lokalpolitikk, og med økende kommunestørrelse øker interessen for rikspolitikk noe.
- Forskerne finner svært få sammenhenger mellom deltakelse i ulike samfunnsgagnlige aktiviteter og kommunestørrelse når man tar høyde for effektene av andre mulige forklaringer. Sannsynligheten for å inneha lokale tillitsverv og partipolitisk aktivitet er knyttet til kommunestørrelse, men primært fordi det er relativt sett langt flere formelle politiske verv pr innbygger i små kommuner sammenlignet med store, og det samme gjelder nok partivervene. For øvrig er det andre egenskaper enn kommunestørrelse som forklarer deltakelse i ulike samfunnsgagnlige aktiviteter.
- Ut fra resultater fra forskning om folk og folkevalgtes vurderinger av det lokale representative demokratiet kan en ikke si at store eller små kommuner i seg selv gir et bedre eller dårligere lokaldemokrati – tvert imot er det mulig å oppnå gode resultater både i store og små kommuner. Det gjelder både ansvarlig styre (om innbyggerne kan kontrollere styret), borgernært styre (om innbyggerne blir hørt), pålitelig styre (om innbyggerne har tillit til styret) og effektivt styre (om hva innbyggerne får igjen av styret). Materialet peker imidlertid på at store og små kommuner har ulike typer demokratiske kvaliteter. Spørsmålet om hvor store kommunene bør være, er dermed til dels en avveining mellom ulike demokratiske kvaliteter.
- Fra forskning på områder hvor det er ment å være et likeverdig forhold mellom stat og kommunesektor, peker forskere på at det ikke er enkelt å opptre som likeverdig partner med regionale statlige instanser, slik som helseforetak, NAV fylke og Bufetats regionkontorer, når disse instansenes store fagkompetanse tas i betraktning. Det er forskernes inntrykk at de mindre kommunene står overfor spesielle utfordringer når det gjelder å håndtere kompetansekravene ut fra sin egen administrative kapasitet. De hevder at store velferdsstatlige reformer (samhandlingsreformen, NAV, barnevern) synes å aksentuere utfordringene. Ubalansen i fagkompetanse fører lett til at særlig de mindre kommunene opplever at de har lite å stille opp med, og dette har ifølge forskerne direkte følger for

likeverdigheten både i forhandlingssituasjonen om de regionale avtalene og i det løpende tjenestesamarbeidet.

- I undersøkelser om hvordan bruken av pedagogiske statlige styringsvirkemidler som veiledere og retningslinjer, ser forskerne konturene av et skille mellom store og små kommuner i hvor fri de står i forhold til veiledernes ord. En stor kommune har ofte en annen faglig bredde, inkludert juridisk kompetanse, enn en mindre kommune. Dette innebærer at det blir lettere for en stor kommune å finne frem til løsninger utenfor veiledernes faglige råd, enn for en mindre kommune. Dette kan være en utfordring i de tilfellene det drives tilsyn på de modeller og løsninger som ligger i den statlige veilederen, noe forskerne ser blant annet i forhold til veilederen om spesialundervisning.
- Undersøkelser av statlig overprøving av kommunale planer og vedtak, tyder på at kommunestørrelsen har mindre betydning for statlig overprøving. Det er ikke grunnlag for å anta at tilsyn fører til flere eller færre avvik når man sammenligner små og store kommuner. Når det gjelder hvorvidt tilsynet bidrar til læring, mener forskerne at kommunestørrelse, men også kommunal organisering og mer generelt kommunenes innstilling kan motvirke læring. Det ikke er noen særlig forskjell mellom små, mellomstore og store kommuner med hensyn til hvilken begrunnelse som kommunale ledere mener at den statlige klageinstansen gir for omgjøring eller oppheving (feil i saksbehandling, feil i lovforståelse, feil i fritt skjønn mv). prosentandelen innsigelser er fallende jo større kommunene er når det gjelder reguleringsplaner, og økende med kommunestørrelse for kommune(del)planer, men kommunestørrelse forklarer ikke denne variasjonen.
- Innbyggerne har blitt mer positive til kommunesammenslutninger, men er enda mer positive til mer utstrakt interkommunalt samarbeid. Kommunestørrelse har ingen vesentlig betydning for folks holdninger til kommunesammenslutning og interkommunalt samarbeid. Samlet sett tyder materialet på at størrelse i særlig grad har betydning for hvilke oppgaver og tjenester det samarbeides om, og til en viss grad for hvordan samarbeidet organiseres. Eksempelvis er det slik at små kommuner (under 1 500 innbyggere) har mange samarbeid innen helse- og sosialsektoren samtidig som dette ofte er relatert til barneverntjenester og da organisert som § 28-samarbeid.

I notatets tredje og siste del ser vi på forskning om hva lokale folkevalgte kan gjøre selv for å bidra til utviklingen av et godt lokaldemokrati, innenfor rammen av det representative demokratiet:

- Interkommunalt samarbeid er gunstig for økonomi, kompetanse, fagmiljø og tjenestekvalitet for innbyggerne, men gir utfordringer når det gjelder styring og kontroll, spesielt med de mer fristilte samarbeidsmodellene som aksjeselskap og interkommunale selskap. Mindre kommuner kan høste de største gevinstene av interkommunalt samarbeid, både økonomisk og når det gjelder tjenestekvalitet, men de har også de største utfordringene når det gjelder styring og kontroll.
- Det finnes ikke én enkelt forklaring på hvorfor lokaldemokratiet oppleves som godt eller dårlig, og dermed heller ikke én oppskrift på hvordan man skal få til godt lokaldemokrati. Det er flere veier til god lokaldemokratisk styring. Noe forenklet, sier forskerne, er det slik at i kommuner med høy grad av tillit – både hos folk og folkevalgte - fungerer nesten alle måter å organisere på godt. Åpenhet, klare og tydelige ansvarslinjer, god informasjon til innbyggerne og kanaler for deltakelse er noen tiltak som forskerne peker på.

- Det er svært gode argumenter for at innbyggermedvirkning går hånd i hånd med representativt demokrati, gjennom at flere stemmer høres, tilliten mellom innbyggere og folkevalgte styrkes og at demokratiske beslutninger blir bedre. Men innbyggermedvirkning innebærer også et dilemma som kommunen aktivt må forholde seg til. Medvirkning innebærer en fare for at de som deltar får uforholdsmessig mye innflytelse på bekostning av de som ikke deltar. Antallet kanaler later til å bety lite i både store og små kommuner. Det som betyr noe, sier forskerne, er hvordan kanalene brukes – med andre ord at de brukes aktivt og at innspill som kommer gjennom disse kanalene brukes inn i beslutningsprosesser.
- Nærdemokratiordninger innebærer at kommunene deles inn i mindre geografiske områder, som til sammen dekker hele eller deler av kommunen. Her er det nyttig å skille mellom ordninger som er rådgivende og basert på sivilsamfunnet og foreningslivet, og ordninger hvor kommunene har delegert ansvar, myndighet, ressurser og ikke minst ansatte til de lokale organene.
- Nærdemokratiordninger i områder med en etablert lokal identitet fungerer best, og lokal identitet er dermed en viktig suksessfaktor. Når lokalområder følger gamle sognegrenser er det en risiko for økt fragmentering i kommunen. Selv om det er behov for lokal forankring, skal kommunen også kunne fungere som en enhet. Interkommunal identitet vokser fram som følge av samhandling på tvers av kommunegrensen mellom kommunene som tenkes slått sammen.
- Når det gjelder bruk av lokale folkeavstemninger, erfarer forskerne at den individuelle velger først og fremst stemmer i tråd med det han oppfatter som sine materielle interesser. Man stemmer ja hvis man tror at kommunen vil komme bedre ut – med et styrket næringsliv, mer solid kommuneøkonomi og bedre tjenestetilbud. I sammenligning har det liten eller ingen betydning om man tror at lokaldemokratiet blir styrket eller svekket, eller om man føler seg sterkt eller svakt knyttet til kommunen. En generell observasjon forskerne gjør seg, er at det er krevende å oppnå flertall for kommunesammenslåing, når slike saker legges ut til folkeavstemming. Undersøkelsen tyder på at klare anbefalinger fra ordførere og rådmenn kan ha stor betydning. «

Berit Fløisand
Rådmann

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
010/15	Kommunestyret	07.05.2015	GST

Sakshandsamar: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 13/619

ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLUTVALET 2014

Framlegg til vedtak:

SJÅ VEDLAGDE PARTSBREV MED INNSTILLING, HANDSAMING OG VEDLEGG I SAK FRÅ KONTROLLUTVALET

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:
Vedlegg:

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.03.2015	ÅRSMELDING 2014 FOR KONTROLLUTVALET I FUSA KOMMUNE	90199
28.04.2015	PARTSBREV PS 05-15 ÅRSMELDING 2014 FOR KONTROLLUTVALET I FUSA KOMMUNE	90201

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger/vurdering:

Sjå vedlagde partsbrev med innstilling, handsaming og vedlegg i sak frå kontrollutvalet.



ÅRSMELDING 2014

FOR KONTROLLUTVALET

I

FUSA KOMMUNE



FUSA KOMMUNE	1
1. Kontrollutvalet sine oppgaver	3
2. Samansetnad av utvalet i valperioden 2011 - 2015	3
3. Fakta om verksemda i 2014	3
4. Sekretariatsordninga	3
5. Fusa kommune sin valde revisor Deloitte AS	4
6. Deloitte AS uavhengig i høve Fusa kommune	4
7. Aktivitetar i 2014	5
8. Særskilt om	5
8.1. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)	5
8.2. Kontrollutvalet i Fusa kommune si heimeside	5
8.3. Opplæring av og informasjon om kontrollutvalet	6
8.4. Den økonomiske situasjonen i Fusa kommune	6
8.5. Rekneskapsrevisjon	6
8.6. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar	7
8.6.1. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016	7
8.6.2. Rullering av plan for selskapkontroll for perioden 2012 – 2016	7
8.7. Prosjekt innan forvaltningsrevisjonar	7
8.7.1. Forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning	7
8.8. Gjennomførte selskapskontrollar	8
8.8.1. Selskapskontroll Business Region Bergen	8
8.9. Andre saker	8
8.9.1. Rådmannen orienterer	8
8.9.2. Skatteoppkrevjarfunksjonen	8
8.9.3. Etske retningsliner	9
8.10. Oppfølging av tidlegare gjennomførte revisjonar	9

1. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. kommunelova § 77. "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" regulerer kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver og gjer reglar om sakshandsaming mm.

Ansvarer omfattar m.a. rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet har også ansvar for å innstille til kommunestyret på val av revisjonsordning og val av revisor. Møta i kontrollutvalet vert haldne for opne dører i 2014.

2. Samansetnad av utvalet i valperioden 2011 - 2015

Kontrollutval vart valt 09.11.2011. Det er 5 medlemmar og ein av dei skal veljast mellom medlemene i kommunestyret. Øyvind Nordbø har sete i kommunestyret.

Kontrollutvalet er samansett slik:

Medlem	Varamedlemmer:
Arild Legland – Leiar	1. Ola Dale – Felleslista H og Frp
Ranveig Næss	2. Hanne Aakre Bratland – Felleslista H og Frp
Arne Holmefjord	
	Felleslista Sp, Krf, SV, V og Ap
Øyvind Nordbø – Nestleiar	1. Jan Birger Landøy
Turid Glesnes	2. Ragnhild Holmefjord

3. Fakta om verksemda i 2014

- Kontrollutvalet hadde 5 møter.
- Kontrollutvalet handsama 51 saker.
- Alle møta vart haldne for opne dører.
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møter.
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på:
 - saksframlegg med forslag til vedtak frå sekretariatet
 - skriftleg og munnleg informasjon frå sekretariatet
 - rekneskapsrevisjon gjennomført av Deloitte
 - forvaltningsrevisjonar gjennomført av Deloitte
 - selskapskontroll
 - skriftleg og munnleg informasjon frå Deloitte
 - skriftlege og munnlege orienteringar frå administrasjonen
 - kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum
- Kontrollutvalet fekk tilgang til informasjon det vart bede om

4. Sekretariatsordninga

I Kommunelova § 77 pk.10. står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørgja for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredstiller utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Departementet har 15.06.2004 gjeve ei eige forskrift om kontrollutval. Sekretariatet skal etter forskrifta m.a. sjå til at dei saker som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd. Sekretariatet gjer innstilling i saker til kontrollutvalet.

Frå og med 01.10.08 vart det inngått avtale om å kjøpa sekretariatstenester frå Hordaland fylkeskommune. Kjartan Haugsnes var sekretær ved det første møtet i 2014 og Elin Molven Wilhelmssen var sekretær i resten av møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvala i kommunane: Fusa, Øygarden, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Kvam, Voss, Fitjar, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Austevoll, Tysnes, Sund, Samnanger og Os. Sekretariatet er og sekretariat for Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), som er eit landsdekkande interesseorgan for kontrollutvala og deira sekretariat.

5. Fusa kommune sin valde revisor Deloitte AS

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS har vore revisor for Fusa kommune frå 01.07.2010. I kommunestyret sitt møte den 17.12.2013 valde kommunestyret å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015, inkludert revisjon av rekneskap for 2015. Det vert såleis lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom. 30.6.2016, basert på gjeldande avtale.

I kontrollutvalet sitt møte den 3.10.2013 PS 35/13 «Revisjonsavtale og vurdering av opsjon» fatta dei såleis samrøystes innstilling:

1. *Fusa kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderer rekneskapen for 2015. Det vert her lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom.30.6.2016.*
2. *Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 1.7.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - a) *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.*
 - b) *Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.*
 - c) *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.**

I kommunestyret sitt møte den 17.12.2013 PS 059/13 fatta dei samrøystes vedtak i samsvar med kontrollutvalet si innstilling i saka.

Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte AS Bjarne Ryland. Han har levert eigenvurdering vedrørande at Deloitte er uavhengig i høve Fusa kommune, jf. punkt 6. under.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid. På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning.

For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2014.

6. Deloitte AS uavhengig i høve Fusa kommune

I samband med handsaming av eigenvurderinga frå Deloitte gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i PS 37/14 i møte 2.10.2014:

«Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Fusa kommune, til etterretning.»

7. Aktivitetar i 2014

Av dei viktigaste sakene kan nemnast:

- Budsjet for kontroll og tilsyn i Fusa kommune for 2015.
- Rekneskapen for Fusa kommune 2013.
- Kontrollrapport vedrørende Skatteoppkrevjarfunksjonen for 2013.
- Om Deloitte er uavhengig i høve Fusa kommune.
- Driftsrapportar
- Referatsaker og orienteringar
- Årsmelding 2013 for kontrollutvalet
- Forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning i Fusa kommune
- Rullering av plan for forvaltningsrevisjon
- Rullering av plan for selskapskontroll
- Oppstart – Kurs for kontrollutvalet i regi av Deloitte – For politikarar og administrasjon i Fusa kommune

8. Særskilt om

8.1. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) vart skipa hausten 2005 og er ein møte- og kompetanseplass for kontrollutvala, men også for deira sekretariat. Kontrollutvalet i Fusa kommune vart medlem i FKT den 7.3.2006.

FKT hadde sin årlege fagkonferanse og årsmøte i Haugesund, tidsrommet 3. – 4.6.2014. Fusa kommune hadde ingen med denne gongen.

Konferansen inneheld desse hovudtema:

- Nytt fra Kommunal og moderniseringsdepartementet, forventninger og fremtidstanker, ved statssekretær Jardar Jensen, KMD.
- Presentasjon og overlevering av veileder om høringar i kontrollutvalgene, ved Wencke Sissel Olsen og Hans Blø, FKT.
- Forvaltningsrevisjon som verktøy i kontrollarbeidet, ved riksrevisor Per Kristian Foss.
- Er forvaltningsrevisjonsarbeid interessant utenfor kontrollutvalget? Ved Arnt – Heikki Steinbakk, Formannskapet i Stavanger.
- Samfunnstrygghet og beredskap, ved Haavard Stensvand, Fylkesberedskapssjef i Sogn og Fjordane.
- Pensjonsproblematikk i kommunene, ved Bjørn Brox fra Agenda Kaupang (og Kommunal Rapport).
- Kommunelovutvalget, mandat, arbeid og fokus å egenkontroll, ved medlem av kommunelovutvalget, Nina Neset.
- Antikorrupsjon og etikkarbeid i kommunesektoren, ved Helge Kvamme fra advokatkontoret Selmer.
- Skråblikk, ved Arne Jensen, Generalsekretær Norsk redaktørforening.

8.2. Kontrollutvalet i Fusa kommune si heimeside

På heimesida til kommunen:

- Kontrollutvalet sine saker vert lagt inn på møteplan til kommunen, på same måte som dei andre politiske utvala.
- Informasjon om namn på medlemmene er lagt ut på nettsida..
- Det vart også lagt ut informasjon om kva rolle utvalet har, samt link til aktuelle lover og forskrifter, Deloitte AS og sekretariatet.

Det er behov for noko oppdatering og meir utfyllande opplysningar i høve nettsida.

8.3. Opplæring av og informasjon om kontrollutvalet

I 2014 (6. – 7. mars) vart det heldt 2 dagars folkevaldopplæring for kontrollutval i Hordaland. Kursstad var Solstrand Hotell og Bad. Seminaret var eit samarbeidsprosjekt mellom sekretariatet og Deloitte AS, med gode innspel på tema frå dei ulike kontrollutvala. Frå Fusa kommune deltok alle medlemmane i kontrollutvalet.

8.4. Den økonomiske situasjonen i Fusa kommune

Kontrollutvalet handsama i møte 23.5.2014 i sak 23/14 rekneskapen i Fusa kommune for 2013. Det vart gjeve m.a. slik uttale til rekneskapen:

- *Av rekneskapen for Fusa kommune 2013 har kontrollutvalet merka seg eit rekneskapsmessig resultat på kr. 362.827,- medan netto driftsresultat er positivt med kr. 4.493.847,- dvs netto resultatgrad på 1,53 % prosent (Sett opp mot sum driftsinntekter).*
- *For Fusa kommune har netto driftsresultat vore slik dei siste åra: 2004 (+ 2,4), 2005 (-0,1), 2006 (+ 3,0), 2007 (+ 3,3), 2008 (+ 1,4), 2009 (+ 0,18), 2010 (- 0,62%), 2011 (+ 0,73 %), 2012 (-0,90%) og 2013 (1,53 %).*

Netto resultatgrad viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Eit positivt driftsresultat kan nyttast til å finansiera investeringar eller avsetjast til seinare bruk, noko som gjer handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien. Eit marginalt eller negativt driftsresultat gjev tilsvarende mindre handlingsrom.

Under handsaming i møte vart såleis protokollert:

I samband med handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet 23.5.2014 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber rådmannen om å koma i møte i utvalet 2.10.14 for å gjera greie for kva som er / vil verta gjort i høve forbettringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 4. frå Deloitte.*
2. *Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fusa kommune sin årsrekneskap for 2013.*

Heile kommunesektoren:

Heile kommunesektoren hadde i følge opplysningar frå SSB pr. 17.3.2014 til samanlikning netto resultatgrad på 2,3 prosent i 2013. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

I kontrollutvalet sitt møte den 2.10.2014 PS 33/14 vart såleis protokollert:

«Rådmann Berit Fløysand og økonomisjef Jarl Ottmar Reinsnes orienterte om status i samband med forbettringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 4 frå Deloitte, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det har vore ei stor utskifting av personale innan økonomiavdelinga i kommunen den siste tida. Det har også vore ein del sjukemelding. Administrasjonen arbeider for å få på plass revisor sine tilrådingar som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4. frå 2013. Slik rådmannen ser det så er det framleis ein veg å gå når deg gjeld å få på plass fleire av punkta i rapporten. Dette skyldast fleire tilhøve. Ein kan nemna systemmessige utfordringar og for lite ressursar på personalområde der det er få personar eller vakanse i viktige stillingar til å utføra desse oppgåvene.»

Kontrollutvalet fatta såleis samrøystes vedtak:

«Informasjonen vart teken til orientering.»

8.5. Rekneskapsrevisjon

Deloitte orienterte kontrollutvalet i løpet av året om rekneskapsrevisjonen som vart gjort i 2014.

I kontrollutvalgs møte den 4.12.2014 orienterte Deloitte v/ Stine Mari Hillmarsen om arbeidet med interimrevisjon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dette vart protokollert i møtet:

«Revisor har hatt problem med å få inn ein del av opplysningane dei har hatt behov for, til rett tid, i Fusa kommune. Kontrollutvalet ber revisor om å leggja dette fram skriftleg for politisk nivå i kommunen. Målet vert å få ein best mogleg dialog og rutine på plass, som fungerer for både revisjonen og kommunen. Revisor kjem til å ha fokus på lønn- og fleksitid registreringa i årsoppgjeret for 2014, då det er registrert ein del mangel innan kompetanse og rutinar på lønnsområdet i kommunen. Pr i dag finst det ingen fullstendig oversikt over kven som skal betala eigedomsskatt i kommunen. Kommunen er no i ferd med å oppretta ein slik oversikt.»

Kontrollutvalet er uroa over dei manglane som revisor la fram i møtet.»

Kontrollutvalet fatta såleis samrøystes vedtak i saka:

«Kontrollutvalet tar informasjon om gjennomført interimrevisjon 2014 frå Deloitte til orientering.»

8.6. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Forskrift om kontrollutvalg § 9. Forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel. Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.”

8.6.1. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016

I kontrollutvalet sitt møte den 24.4.2014 fatta utvalet såleis vedtak i sak 16/14:

1. Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert å senda til kommunestyret til orientering.

8.6.2. Rullering av plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016

I kontrollutvalet sitt møte den 24.4.2014 fatta utvalet såleis vedtak i sak 17/14:

1. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert å senda til kommunestyret til orientering.

8.7. Prosjekt innan forvaltningsrevisjonar

8.7.1. Forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning

I kontrollutvalet sitt møte den 4.12.2014 PS 43/14 fatta utvalet såleis samrøystes innstilling:

1. Forslag til tiltak i dei 12 punkta i forvaltningsrevisjonsrapport som gjeld Barne og familietenesta i Fusa kommune vert følgt opp.
2. Rådmannen lagar ein handlingsplan innan 20. februar 2015 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
3. Handlingsplanen skal presenterast for kommunestyret i mars møtet 2015.

I kommunestyret sitt møte den 18.12.2014 i sak 039/14 vart det fatta såleis vedtak:

1. *Forslag til tiltak i dei 12 punkta i forvaltningsrevisjonsrapport som gjeld Fusa kommune vert følgt opp.*
2. *Rådmannen lagar ein handlingsplan innan 20. april 2015 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
3. *Handlingsplanen skal presenterast for kommunestyret i mai møtet 2015.*

8.8. Gjennomførte selskapskontrollar

Forskrift om kontrollutvalg § 13. Selskapskontroll lyd slik:

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”

8.8.1.Selskapskontroll Business Region Bergen

I kontrollutvalet sitt møte den 2.10.2014 PS 38/14 vart det lagt fram ein løypemelding i høve gjennomført selskapskontroll BRB. Kontrollutvalet tok referatsaka samrøystes til orientering.

8.9. Andre saker

8.9.1.Rådmannen orienterer

Rådmannen har informert i høve fleire saker for kontrollutvalet i løpet av 2013. Av desse sakene kan nemnast:

- Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet 2014 i Fusa kommune
- Prosess i bygging av Nore Fusa Barnehage
- Kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kom fram i revisjonsrapport nr. 4. frå Deloitte AS

8.9.2.Skatteoppkrevjarfunksjonen

Kontrollutvalet handsama i møte 24.4.2014 sak 14/14 kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Fusa kommune og vedtok då slik uttale:

1. *Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest konkluderer med at Fusa kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.*
2. *Fusa kommune sitt skatterekneskap og rapport frå Skatteetaten, Skatt Vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.*

I kommunestyret sitt møte den 19.6.2014 PS 011/14 fatta dei såleis samrøystes vedtak:

«Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevarfunksjonen vert teken til etterretning.»

8.9.3. Etiske retningslinjer

I kontrollutvalet sitt møte den 20.2.2014 PS 04/14 «Fokus på etikk i Fusa kommune, orientering frå rådmannen» i høve saka. Dette vart protokollert i saka:

- *Prosjekt i helse og omsorg – etisk refleksjon*
- *Forvaltningsrevisjonsrapporten om habilitet vert gjennomgått årleg.*
- *Etiske retningslinjer for tilsette og politikarar ligg på intranett. Skal reviderast i 2014*
- *Skal ha kurs i offentleglova og forvaltningslova i 2014. Dette kan takast som ein av kursdagane i avtalen med Deloitte AS.*

Kontrollutvalet fatta såleis samrøystes vedtak:

«Informasjonen vart teken til orientering.»

8.10. Oppfølging av tidlegare gjennomførte revisjonar

I forskrift om kontrollutvalg i kommunar og fylkeskommunar § 12 heiter m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

På bakgrunn av dette er det rutine å be rådmannen om skriftleg attendemelding på kva tiltak som er sett i verk i høve tilrådingane i tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og selskapskontrollrapportar. I år er det ingen slike aktuelle rapportar å følgje opp. Oppfylginga kjem i årsmeldinga for 2015.

Fusa, 19.2.2015

Arild Legland
utvalsleiar

Fusa kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

Telefon: 55 23 94 53 / 55 37 80 81 / 55 23 94 47 / 55 23 94 06 / 55 23 94 18
Telefaks: 55 23 94 99

e-post: hogne.haktorson@hfk.no
e-post: elin.molven@hfk.no
e-post: roald.breistein@hfk.no
e-post: kari.nygard@hfk.no
e-post: kjartan.haugnes@hfk.no
e-post: kontrollutvalet@hfk.no



Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/167
Vår dato: 02.03.2015

Partsbrev PS 05/15 - Årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet var nøgd med årsmeldinga 2014 for kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune.

Påskrift frå sekretariatet:

Ber om at partsbrev og årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune vert lagt fram for kommunestyret til endeleg handsaming og vedtak.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Fusa kommune
Utvalseiar
Deloitte AS

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
009/15	Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	21.04.2015	SSH
011/15	Ungdomsrådet	21.04.2015	ASK
016/15	Formannskapet	22.04.2015	GST
011/15	Kommunestyret	07.05.2015	SSH

Sakshandsamer: Anne Skagseth

Arkivsaknr 14/1269

FRAMLEGG TIL BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN-

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Plan for bustadsosialt arbeid vert vedteken slik den ligg føre.

21.04.2015 RÅD FOR SENIORAR OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming:

Planen vart delt ut i møtet då berre deler av planen låg som vedlegg. Steinar Berland hadde også informert om dette pr e-post og at planen låg i ungdomsrådet sin vedleggsserie.

Følgjande felles framlegg fremja av Ingebjørg Naa Helle vart samrøystes vedteke:
Senior – og funksjonsrådet rår til at bustadsosial handlingsplan vert vedteken slik den ligg føre.

Rådet ser positivt på at planen no er utarbeidd.

RAAD-009/15 VEDTAK:

Senior – og funksjonsrådet rår til at bustadsosial handlingsplan vert vedteken slik den ligg føre.

Rådet ser positivt på at planen no er utarbeidd.

.....

22.04.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior og funksjonsrådet vart orientert om og var lagra ut digitalt.

Einingsleiar Anne Skagseth orienterte og svara på spørsmål.

Framlegget frå rådmannen vart sanrøystes tilrådd.

FOR-016/15 VEDTAK:

Plan for bustadsosialt arbeid vert vedteken slik den ligg føre.

.....

21.04.2015 UNGDOMSRÅDET

Handsaming:

Fusa ungdomsråd samla seg om slik samrøystes uttale i saka:

Fusa ungdomsråd meiner at ein i bustadsosial plan må få tydelegare fram at det må satsast på sentralt plasserte husvære for eldre, ungdom og menneske med særlege behov. Jfr tiltak 10.1. Det bør også koma med som eit nytt tiltak at ein må leggja til rette for fleire utleigebustader og hyblar, både sentralt og i bygdene. Desse innspela er i samsvar med tidlegare prioriteringar i Samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023 (s 26).

UNG-011/15 VEDTAK:

Fusa ungdomsråd meiner at ein i bustadsosial plan må få tydelegare fram at det må satsast på sentralt plasserte husvære for eldre, ungdom og menneske med særlege behov. Jfr tiltak 10.1. Det bør også koma med som eit nytt tiltak at ein må leggja til rette for fleire utleigebustader og hyblar, både sentralt og i bygdene. Desse innspela er i samsvar med tidlegare prioriteringar i Samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023 (s 26).

.....

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.04.2015	BUSTADSOSIAL PLAN VERSJON 31 03 15 (2).DOCX	92788
08.04.2015	6. Mål og Tiltak.docx	92777
08.04.2015	Vedlegg 1 Aktuelle lenkjer.docx	92778
08.04.2015	Vedlegg 2, Kart.pdf	92781
08.04.2015	VEDLEGG 3 MANDAT FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR BUSTADSOSIALT ARBEID 2014-2015.DOCX	92804

Faktiske opplysninger

For at Fusa kommune skal kunne tilby heilskapelege og målretta tenester på det bustadsosiale feltet, vart det hausten 2014 vedteke å utarbeida ein plan for bustadsosialt arbeid. Bustadsosialt arbeid handlar om å framskaffa bustad til vanskelegstilte og auka den einskilde sine føresetnader for å meistre bu- og livssituasjonen.

Fusa kommune har vedtak om busetting av 10 nye flyktningar kvart år i Eikelandsosen 2014-2016. Vi har eit desentralisert tenestetilbod innafor helse-omsorg som i følgje Agende Kaupang sin rapport, er ressurskrevjande. Vidare har vi ei gruppe unge med behov for eigen bustad med tenester dei næraste åra. Ein ser behov for ei teneste for butrening, som kan gje meistring og sjølvrespekt og reduserte kostnader knytt til personell og vedlikehald av bustader på sikt. Dette er dei mest opplagde grunngevingane for å utarbeida ein bustadsosial plan i Fusa.

Visjonen med det bustadsosiale arbeidet i Noreg, er at alle skal kunne bu godt og trygt. Husbanken og kommunane er forplikta til å hjelpa Staten med å arbeida for å realisera denne visjonen. Det bustadsosiale arbeidet involverer ulike tenester i kommunen og samarbeid og oversikt er naudsynt. I mandatet (vedlegg 1) til planen, finn ein Fusa kommune sine mål for arbeidet med bustadsosial plan delt i effektmål - verknader på sikt, og resultatmål - det konkrete ein sit att med når planen er laga.

Vurdering:

Planen gjev oss eit reiskap til å møte noverande og framtidige bustadsosiale utfordringar på ein meir heilskapleg og framtidsretta måte og gjev ei betre utnytting av eigedomsmassen gjennom ombygging og utbetringstiltak.

Det er ein del usikre moment knytt til behov, samstundes som mange av måla og tiltaka er gjensidig avhengige av kvarandre. Arbeidsgruppa meiner den kommunale bustadmassen må nyttast fleksibelt og at funksjonsnivået til bustadsøkjjarer må styra meir kvar bustad vert tildelt. Då kan ein nytta personalressursar meir effektivt og skapa gode fagmiljø. Det hastar med å framskaffa fleire bustadar i Eikelandsosen til ulike grupper vanskelegstilte og tenestene må arbeida førebyggjande på fleire felt.

Planen inneheld oversikt over behov på kort og lang sikt og synleggjer virkemiddel for å nå måla. Den belyser i grove trekk kva kostnadar som er knytt til tiltaka. Investeringskostnadane knytt til dei store prosjekta, må utgreiast og Husbanken sine virkemiddel må nyttigjerast.

Tiltak som krev økonomi, må handsamast i samband med budsjett og økonomiplan 2016-2019.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		HSV
017/15	Formannskapet	22.04.2015	HSV

Sakshandsamer: Hans S. Vindenes

Arkivsaknr 15/123

UTGREIING OM FORBINDELSAR MELLOM AUSTLANDET OG VESTLANDET - HØYRINGSUTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE

ORDFØRAREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommunestyre vedtar følgjande høyringsuttale til rapporten ”Utredning av forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet”:

Fusa kommune er svært nøgd med at det er gjennomført ei utgreiing om forbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet. Gjennom dette arbeidet er det kome fram eit faktabasert grunnlag som kan brukast til gjera dei rette prioriteringane i framtida.

Med bakgrunn i dei resultat som er dokumentert gjennom analysearbeidet i aust-vest utgreiinga støttar Fusa kommune rapporten sin langsiktige strategi om å satsa på to hovudvegforbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet, E134 over Haukeli og Rv7/rv52/E16 over Hemsedal.

Særskilt vil Fusa kommune peika på tala for netto samfunnsnytte som viser svært positive verdiar for E134 med utbygging av ein arm mot Bergen. Med ei utbygging som skissert i rapporten vil netto samfunnsnytte bli heile 26 milliardar. Dette er tal som skil E134 frå alle dei øvrige traseane, og bør aleine vera grunnlag for å prioritera E134 med arm mot Bergen som ein av dei den føretrekte traseane mellom Austlandet og Vestlandet.

Fusa kommune vil tilrå at det vert gjennomført KVU for Hordalandsdiagonalen Jøsandal - Odda- Bergen. Dette arbeidet må starta opp snarast. Den framtidige strekninga Jøsandal - Bergen må byggjast som eit riksveganlegg.

Fusa kommune støttar utreiinga sin konklusjon om ikkje gå vidare med å utreia strekninga E134 langs Åkrafjorden, via Skånevik, Kvinnherad og med tilknytning til E39 ved Tysnes. Skil denne strekninga utgreiast må det først skje etter at strekninga Jøsandal - Bergen er ferdigstilt.

Fusa kommune meiner at det må vera eit mål at utbygging av valte trasear skjer mest mogeleg samanhengande og heilskapleg. Det må leggjast vekt på framtidiretta og miljøvenlege utbyggingar samt at kravet til vintersikker veg over fjellet vert i varetatt.

22.04.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes tilrådd.

FOR-017/15 VEDTAK:

Fusa kommunestyre vedtar følgjande høyringsuttale til rapporten ”Utredning av forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet”:

Fusa kommune er svært nøgd med at det er gjennomført ei utgreiing om forbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet. Gjennom dette arbeidet er det kome fram eit faktabasert grunnlag som kan brukast til gjera dei rette prioriteringane i framtida.

Med bakgrunn i dei resultat som er dokumentert gjennom analysearbeidet i aust-vest utgreiinga støttar Fusa kommune rapporten sin langsiktige strategi om å satsa på to hovudvegforbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet, E134 over Haukeli og Rv7/rv52/E16 over Hemsedal.

Særskilt vil Fusa kommune peika på tala for netto samfunnsnytte som viser svært positive verdiar for E134 med utbygging av ein arm mot Bergen. Med ei utbygging som skissert i rapporten vil netto samfunnsnytte bli heile 26 milliardar. Dette er tal som skil E134 frå alle dei øvrige traseane, og bør aleine vera grunnlag for å prioritera E134 med arm mot Bergen som ein av dei den føretrekte traseane mellom Austlandet og Vestlandet.

Fusa kommune vil tilrå at det vert gjennomført KVU for Hordalandsdiagonalen Jøsandal - Odda- Bergen. Dette arbeidet må starta opp snarast. Den framtidige strekninga Jøsandal - Bergen må byggjast som eit riksveganlegg.

Fusa kommune støttar utreiinga sin konklusjon om ikkje gå vidare med å utreia strekninga E134 langs Åkrafjorden, via Skånevik, Kvinnherad og med tilknytning til E39 ved Tysnes. Skal denne strekninga utgreiast må det først skje etter at strekninga Jøsandal - Bergen er ferdigstilt.

Fusa kommune meiner at det må vera eit mål at utbygging av valte trasear skjer mest mogeleg samanhengande og heilskapleg. Det må leggjast vekt på framtidiretta og miljøvenlege utbyggingar samt at kravet til vintersikker veg over fjellet vert i varetatt.

.....

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:
Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger/vurdering:

Statens vegvesen har gjennomført ei utgreiing om vegforbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet. Heile utgreiinga finn du her:

<http://www.ntp.dep.no/Forside/attachment/771120/binary/1010936?ts=14b0cc45b50>

Målet med utgreiinga har vore å analysera kva betyding og funksjon dei ulike aust-vest forbindelsane har no og vil få fram mot 2050. Det er stort behov for å betra regulariteten vinterstid på fjellovergangane og gje næringslivet og befolkninga meir forutsigbar og påliteleg transport mellom Austlandet og Vestlandet.

Gjennom utgreiinga er det analysert tenkelige utbyggingar av riksvegforbindelsane mellom sentrale Austlandet og Vestlandet for å få eit godt grunnlag til å foreslå kva av aust-vest forbindelsane som bør prioriterast når vegforbindelsane over fjellet skal utredast.

Utgreiinga er ein del av av strategi- og analysearbeidet til Nasjonal Transportplan 2018-2027 og vert eit viktig grunnlag for komande revideringar av Nasjonal Transportplan. Det er i dette arbeidet dei økonomiske prioriteringane skjer.

Utreiinga er svært positiv til E134 og særleg E134 i samband med ein arm til Bergen. Utreiinga peiker på at ei utbygging av forbindelsen frå E134 mot Bergen vil gje ei svært rask rute mellom Oslo og Bergen og gje god samfunnsøkonomisk lønsemd. Det finnes fleire alternativ til ein slik utbygging. Statens vegvesen har sett på alternativ både gjennom Fusa og Kvam. På bakgrunn av Statens vegvesen sine analyser som syner høg samfunnsøkonomisk lønsemd med ein arm til Bergen bør ein utreda dette nærare gjennom ein KVV (konseptvalutgreiing).

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		ERV
010/15	Ungdomsrådet	21.04.2015	ERV
018/15	Formannskapet	22.04.2015	ERV

Sakshandsamer: Erik Vangsnes

Arkivsaknr 15/418

PLANAR FOR KUNSTGRASBANE VED NORE FUSA OPPVEKSTSENTER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune er positiv til at Ådlandsfjorden idrettslag legg krøllgras på grusbane ved Nore Fusa oppvekstsenter og overtek drift av ny bane med lysanlegg.

For å få gjort dei naudsynte avklaringane må det liggja til grunn ein samarbeidsavtale som regulerer både utbygging, drift og leigeforhold. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna den endelege avtalen.

I samsvar med satsane i kommunedelplanen vert det gjeve eit årleg driftstilskot på kr 15.000,- frå det første heile driftsåret etter at banen er bygd ferdig. Vilkåra for slikt tilskot vil gå fram av samarbeidsavtalen.

22.04.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale frå ungdomsrådet vart delt ut og var lagra ut digitalt.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-018/15 VEDTAK:

Fusa kommune er positiv til at Ådlandsfjorden idrettslag legg krøllgras på grusbane ved Nore

Fusa oppvekstsenter og overtek drift av ny bane med lysanlegg.

For å få gjort dei naudsynte avklaringane må det liggja til grunn ein samarbeidsavtale som regulerer både utbygging, drift og leigeforhold. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna den endelege avtalen.

I samsvar med satsane i kommunedelplanen vert det gjeve eit årleg driftstilskot på kr 15.000,- frå det første heile driftsåret etter at banen er bygd ferdig. Vilråa for slikt tilskot vil gå fram av samarbeidsavtalen.

.....

21.04.2015 UNGDOMSRÅDET

Handsaming:

Fusa ungdomsråd samla seg om slik samrøystes uttale i saka: Fusa ungdomsråd støttar framlegg til vedtak og meiner det er svært positivt at det kjem kunstgrasbane på Holmefjord. Eit slikt anlegg vil ha mykje å seia både for idretten og nærmiljøet.

UNG-010/15 VEDTAK:

Fusa ungdomsråd støttar framlegg til vedtak og meiner det er svært positivt at det kjem kunstgrasbane på Holmefjord. Eit slikt anlegg vil ha mykje å seia både for idretten og nærmiljøet.

.....

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.03.2015	SØKNAD - BYGGING KUNSTGRESSBANE I NORE FUSA	90611
08.04.2015	PRESENTATION SØKNAD - VEDLEGG KOMMUNAL SØKNAD	90612
08.04.2015	UTTALE FRÅ FUSA IDRETTSRÅD OM SØKNAD OM KUNSTGRAS	92579

Ikkje vedlegg:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2025

Faktiske opplysninger:

Ådlandsfjorden idrettslag (ÅIL) søker Fusa kommune om å få overta den kommunalt eigde fotballbanen ved Nore Fusa skule.

Det er i dag ein grusbane på Nore Fusa skule med sokalla 7-ar bane med speleflate på 60 m x 37 m + sikringssone. Dette er banestorleik som høver godt for den aldersbestemte fotballen ut barneskulealder, der ein i Fusa som regel spelar med 7-ar lag (7 spelarar på kvart lag).

ÅIL har for tida 55 aktive i fotballgruppa og har 6 lag med cup- og seriespel.

ÅIL har lenge hatt eit ønske om å byggja denne grusbane om til ein kunstgrasbane. Dette vart spelt inn som tiltak i samband med rullering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2025. Bygging av kunstgrasbane er kome med i handlingsprogrammet for 2014-2017 (pkt 13.2.1) i den vedtekte planen.

Dei vil finansiera byggeprosjektet med ein modell der 1/3 kjem frå statlege spelemidlar, 1/3 frå kommunalt tilskot og 1/3 er eigenkapital. Førabels kalkyle tilseier ein kostnad på om lag 2 millionar kroner. Det er laga ein framdriftsplan der anlegg kan stå ferdig til bruk innan sommaren 2016.

ÅIL søker no om å få byggja kunstgrasbane i laget sin regi. Dei søker også om å overta drifta av den ferdige banen og at laget får eit årleg driftstilskot frå Fusa kommune på kr 15.000,-.

Saka er sendt Fusa idrettsråd til uttale og deira fråsegn ligg som vedlegg.

Vurdering:

Dette er eit flott initiativ og tiltaket er i samsvar med gjeldane kommunedelplan for idrettsområdet.

Fusa kommune har fleire døme på at idrettslag har teke på seg å rehabilitera kommunale idrettsanlegg og samstundes stå for drifta. Denne modellen har ein hatt over mange år t.d. i Strandvik og i Eikelandsosen der kommunen framleis er grunneigar. Desse laga har då fått ein kompensasjon frå Fusa kommune i form av eit driftstilskot. Denne modellen skaper lokalt eigarskap til anlegga og er ei rimeleg ordning for Fusa kommune når kommunen også er ein stor brukar av anlegga på dagtid.

Det er difor uproblematisk å inngå ein avtale med ÅIL om ei utvikling av det lokale idrettsanlegget ved Nore Fusa oppvekstsenter. Eit engasjement frå idrettslaget si side vil utløysa både dugnadsinnsats og andre private bidrag. Ein kunstgrasbane vil ganske sikkert også vera eit stort pluss for den aldersbestemte fotballen i denne skulekrinsen. Kunstgrasbanar er den dominerande anleggstypen og det er ei store føremon at ein kan trenar og spela kampar

på same underlaget som andre klubbar. Kunstgras vil vera eit aktivum også for skule og barnehage.

Samlokaliseringa med skule- og barnehage inneber også nokre utfordringar både i ein byggefase og for seinare drift. Det må difor på plass ein samarbeidsavtale som regulerer forholdet mellom Fusa kommune som brukar og idrettslaget som anleggseigar.

Det må seiast at ÅIL med dette utspelet tar på seg ei stor oppgåve. Med ein kostnad på over 2 mill kroner blir det eit stort løft for eit lite idrettslag. Slik det kom fram i ei tilsvarande sak for anlegget i Eikelandsosen så er det utfordrande å finansiera bygginga. I tillegg til å skaffa eigenkapital må ein forskottera både kommunale tilskot, statlege tilskot og momsrefusjon.

Prioritering av kommunale tilskot og statlege spelemidlar må koma i eiga sak ved rullering av handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysiske aktivitet. Dette skjer i desembermøtet i kommunestyret kvar år. Slik det vert understreka i uttalen frå idrettsrådet er tilskotsordningane under eit stort press. At Fusa kommune er positiv til den føreliggjande søknaden frå ÅIL inneber ikkje noko form for prioritering eller binding når ein seinare skal handsama søknader om spelemidlar og kommunale investeringstilskot. Det vil likevel vera rett at ein i denne omgang gjer eit intensjonsvedtak om samarbeid slik at ÅIL kan arbeida vidare med saka. Fusa kommune bør også signalisera at ÅIL vil få eit driftstilskot til det ferdige anlegget slik at dei kan budsjettera med dette i prosjektet.

Fusa kommune er positiv til at ÅIL legg krøllgras på grusbane ved Nore Fusa oppvekstsenter og overtek drift av ny bane med lysanlegg. For å få gjort dei naudsynte avklaringane må det liggja til grunn ein samarbeidsavtale som regulerer både utbygging, drift og leigeforhold. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna den endelege avtalen. I samsvar med satsane i kommunedelplanen vert det gjeve eit årleg driftstilskot på kr 15.000,- frå det første heile driftsåret etter at banen er bygd ferdig. Vilkåra for slikt tilskot vil gå fram av samarbeidsavtalen.

Roger Næss
V/ Kunstgress arb gruppe
Ådlandsfjorden Idrettslag
5642 Holmefjord

Fusa Kommune
Postboks 24
5649 Eikelandsosen

Dato: 04. mars 2015

Søknad om omdisponering av grusbane til kunstgress bane i Nore Fusa

Ådlandsfjorden Idrettslag har 55 aktive utøvere i alderen 6 til 12 år. Hovedaktiviteten er fotball hvor vi deltar med 6 lag i serie- og cupspill gjennom sesongen. ÅIL er basert på frivillig innsats og dugnad. Vi har som mål å gi et tilbud om fysisk og sosial aktivitet til barn og unge i nærområdet.

Trening og kamper gjennomføres idag på grusbane tilknyttet Nore Fusa skole. Idrettslaget har lenge sett behovet for å oppgradere dagens grusbane til kunstgressbane og har derfor satt ned en arbeidsgruppe for å realisere dette.

Søker om å omdisponere Nore Fusa skule sin grusbane til kunstgressbane, med tilhørende nytt lysanlegg. Finansiering er ønsket som ein tredelt modell med 1/3 del egenkapital, 1/3 kommunale midler og 1/3 spillemidler.

Søker også om å overta drifta av banen og ønsker ein avtale med kommunen på dette. Viser til den vedtatte kommuneplan i pkt 12.9.2 og søker om årlig driftstilskudd på kr 15.000 for drift av den nye kunstgress banen.

Samla kostnad for prosjektet er ca 2 millioner, der de største utgifter blir grunnarbeid, kunstgressmatte og nytt lysanlegg. Prosjektet vil administreres og gjennomføres av lokal arbeidsgruppe som er pekt ut av ÅIL.

Vi jobber mot lokalt/ regionalt næringsliv mht pengestøtte til prosjektet samt forskuttering av spillemidler/ momskompensasjon.


Forutsatt kommunal godkjenning, er målsetningen å ha prosjektet fullfinansiert tidlig høsten 2015 slik at søknad om spillemidler kan sendes inn. I fremdriftsplanen vi har satt opp er målsetningen å ferdigstille ny kunstgressbane våren 2016.

Vedlagt følger en presentasjon som viser konsept, budsjett, fremdriftsplan og driftsbudsjett for prosjektet.

ÅIL ønsker at Fusa Kommune behandler søknad om gjennomføring av prosjektet snarest.

Ta gjerne kontakt med Roger Næss (tlf: 99 57 88 50) e-post: holsund@gmail.com dersom dere har spørsmål.

Med vennlig hilsen



Roger Næss

Roger Næss
kunstgress arb.gruppe ÅIL

Vedlegg til søknad om
omdisponering av grusbane til
kunstgress bane

Kunstgressbane i Nore Fusa

- Status idag, konsept, budsjett, fremdriftsplan og driftsbudsjett kunstgressbane.

Status idag

Eksisterende grusbane i
Nore Fusa



Konsept



Budsjett

• Grunnarbeid	Kr 400.000 (delbidrag dugnad)
• Lysanlegg	Kr 200.000 (delbidrag dugnad)
• Asfaltering	Kr 150.000
• Kunstgress	Kr 900.000 (delbidrag dugnad)
• Naturstein muring	Kr 200.000 (delbidrag dugnad)
• Prosjektering	Kr 100.000 (delbidrag dugnad)
• <u>Div. Materiell</u>	<u>Kr 50.000</u>
Totalkostnad	Kr 2.000.000

Fremdriftsplan

- Søknad om støtte (jan-mars 2015)
- Innhenting av tilbud (jan-mars 2015)
- Politisk behandling (mai 2015)
- Søknad om idrettsfunksjonell godkjenning (juni 2015)
- Byggesøknad sendt (august 2015)
- Søknad om tippemidler (september 2015)
- Natursteinsmuring og nytt lysanlegg (februar- mars 2016)
- Grunnarbeid (mars- april 2016)
- Legging av kunstgress (mai- juni 2016)

Driftsbudsjett

Driftskostnader		Driftsinntekter	
Lønn til ansatte	0	Kommunalt driftstilskudd	15000
Sos. utgifter, arbeidsgiveravgift	0	Leieinntekter idrett/arrangement	0
Vikarutgifter, ekstrahjelp	0	Leieinntekter skoler	0
Driftsmaterialet	30.000	Messer, utstillinger	0
Inventar, utstyr	0	Konserter	0
Vedlikeholdsutgifter	30.000	Arenareklame (sponsorinntekter)	50.000
Energiutgifter (strøm/olje)	20.000	Kafeteria, annet salg	30.000
Avgifter, forsikring	0	Andre inntekter	15.000
Andre utgifter	5.000		
Uforutsette utgifter	10.000		
Sum kostnader	95.000	Sum inntekter	110.000

Driften av anlegget gir et overskudd/underskudd på kroner

15.000

Fusa idrettsråd
v/ Liv Nyheim Kilen

Vinnes, 7. april 2015

Uttale frå Fusa idrettsrådet om søknad frå Ådlandsfjorden I. L. om kunstgras


Det er svært positivt at Ådlandsfjorden IL tek initiativ til å bygga ein kunstgrasbane ved Nore Fusa skule. Samtidig så ser idrettsrådet at det er bygd mykje i seinare år og er planar for mange store idrettsanlegg som skal byggjast dei komande åra i Fusa. Dette gjer at ein vil få ei utfordring med finansiering og eit press på tilskotsordningar. Skal Ådlandsfjorden IL lukkast med dette prosjektet må dei jobba svært godt med forskotteringar då det blir ventetid både på kommunale tilskot, statlege tilskot og momsrefusjonar.

Idrettsrådet meiner at eit ja til kunstgras no ikkje må tolkast som ei prioritering i den komande søknadsrunden om spelemidlar. Den største saka for Fusa-idretten er idrettshall og denne må ha prioritet.

Mvh

Liv Nyheim Kilen
Leiar i Fusa idrettsråd

Liv Nyheim Kilen

 FUSA KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN					
Løpenr	15/	Saksnr	KULT	Saksh	ERV
DATO		08 APR 2015			
År/Saksnr	15/418	Dok.nr	2		
Ark. kode P	243				
Ark. kode S	D11				
Kassabjersak	Grøbering				

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
019/15	Formannskapet	22.04.2015	GST
014/15	Kommunestyret	07.05.2015	GST

Sakshandsamer: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 15/334

SØKNAD OM SKJENKELØYVE - 09.05.15 - 30.06.16 - HANDELSLAGET ANS

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i alkohollova gjev Fusa kommune skjenkeløyve til Handelslaget ANS på følgjande vilkår:

Serveringsstaden sitt namn:	Handelslaget
Adresse:	5643 Strandvik
Tidsrom for løyvet:	09.05.2015 t.o.m. 30.06.2016
Løyvehavar:	Handelslaget org nr 981462971
Styrrar for løyvet:	Ingeborg Vik f 1956
Avløyssar	Magnhild Nordtveit f 1970
Forretningskonsept	– Cafe, restaurant Jf. søknad av 17.03.15
Forretningslokalet sitt areal	Jf søknad av 17.03.15. Før utearealet vert godkjent, må søkjar senda inn nøyaktige opplysningar om utearealet og med informasjon om korleis det er skilt frå arealet elles

Alkoholvare og skjenketid:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 (Øl, vin) frå kl 13.00 – 01.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer Alkoholhaldig drikk gruppe 3 (Brennevin) frå kl 13.00 – 00.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00. Skjenketid for uteservering: Gruppe 1, 2 og 3 fram til kl 0030, fortærings- og stengetid til kl 0100. Jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer
Omfang:	Alminneleg løyve
Løyvegebyr:	Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkohollova §7-1

Skjenkeløyvet vert gitt under føresetnad av at nødvendig godkjenning frå m.a. mattilsynet og brannvernmyndigheter til ei kvar tid foreligg.

Vandelskrava i alkohollova er vesentleg skjerpa f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller reglar gitt med heimel i den.

Dersom løyvehavar ynskjer å endra driftskonseptet, må han innhenta godkjenning av kommunen.

Sluttar styrar og/eller avløyysar for styrar, må løyvehavar straks søkja om godkjenning av ny styrar/avløyysar.

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse. Ein gjer for ordens skuld merksam på at skjenkeløyve føreset at skjenkestaden har serveringsløyve og at skjenkeløyve difor føreset at serveringsløyve til ei kvar tid gjeld. Løyvet vil og kunne inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje lengre gjeld.

Grunngjeving: Vedtaket er gjort i samsvar med retningslinjene i ny rusmiddelpolitisk handlingsplan.

22.04.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-019/15 VEDTAK:

Med heimel i alkohollova gjev Fusa kommune skjenkeløyve til Handelslaget ANS på følgjande vilkår:

Serveringsstaden sitt namn: Handelslaget

Adresse: 5643 Strandvik

Tidsrom for løyvet: 09.05.2015 t.o.m. 30.06.2016

Løyvehavar: Handelslaget org nr 981462971

Styrar for løyvet: Ingeborg Vik f 1956

Avløyysar Magnhild Nordtveit f 1970

Forretningskonsept – Forretningslokalet sitt areal Cafe, restaurant Jf. søknad av 17.03.15

Jf søknad av 17.03.15. Før utearealet vert godkjent, må

søkjar senda inn nøyaktige opplysningar om utearealet og med informasjon om korleis det er skilt frå arealet elles

Alkoholvare og skjenketid: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 (Øl, vin) frå kl 13.00 – 01.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer
Alkoholhaldig drikk gruppe 3 (Brennevin) frå kl 13.00 – 00.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer
Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00.
Skjenketid for uteservering: Gruppe 1, 2 og 3 fram til kl 0030, fortærings- og stengetid til kl 0100.
Jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer
Omfang: Alminneleg løyve
Løyvegebyr: Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkohollova §7-1

Skjenkeløyvet vert gitt under føresetnad av at nødvendig godkjenning frå m.a. mattilsynet og brannvernmyndigheter til ei kvar tid foreligg.

Vandelskrava i alkohollova er vesentleg skjerpå f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller reglar gitt med heimel i den.

Dersom løyvehavar ynskjer å endra driftskonseptet, må han innhenta godkjenning av kommunen.

Sluttar styrar og/eller avløyysar for styrar, må løyvehavar straks søkja om godkjenning av ny styrar/avløyysar.

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse. Ein gjer for ordens skuld merksam på at skjenkeløyve føreset at skjenkestaden har serveringsløyve og at skjenkeløyve difor føreset at serveringsløyve til ei kvar tid gjeld. Løyvet vil og kunne inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje lengre gjeld.

Grunngjeving: Vedtaket er gjort i samsvar med retningslinjene i ny rusmiddelpolitisk handlingsplan.

.....

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Vedlegg:

--	--	--

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.04.2015	Vedlegg sak Handelslaget -april 2015.pdf	93236

Ikkje vedlegg:
Uttaler frå politiet, skatteoppkrevar og sosialtenesta.

Faktiske opplysninger:

Handelslaget ANS v/Olav Vik har søkt om skjenkeløyve gruppe 1, 2 og 3. Eit evt. løyve skal då gjevast til selskapet.

Det forelegg dokumentasjon på godkjent kunnskapsprøve for styrar og avløyssar.

Totalt skjenkeareal; sjå kopi av vedlagde søknad.

Konsept:
Møteplass. Restaurant/Cafe i sommarhalvåret. Elles i året meir sporadisk drift.
Lokalet skal også nyttast til utstilling/salslokale for lokale kunstnarar.

Kursverksemd og catering.
Meir informasjon i vedlagde søknad.

Dei har søkt om å få skjenketider etter gjeldande retningslinjer.

Politiet og sosialtenesta har ingen merknader.
Skatteoppkrevar har ingen merknader.

Vurdering:

Søknaden er i samsvar med gjeldande retningslinjer i ruspolitisk handlingsplan.

Med bakgrunn i opplysningane i saka finn rådmannen at løyvehavar, styrar og andre sentrale personar nemnt i alkohollova §§1-7b og 1-7c oppfyller lova sine vandelskrav.

Løyvehavar har ikkje rettskrav på løyve for resten av løyveperioden, men det vil vera i samsvar med gjeldande alkoholpolitikk å innvilga søknaden.
Rådmannen tilrår at søknaden vert innvilga.

Dersom søknaden ikkje vert heilt i møtecome er det klagerett til fylkesmannen, jf. alkohollova § 1-16.